



Saksgang	Møtedato	Saksnr.
Formannskapet	14.09.2004	105/04
Bystyret	28.09.2004	147/04
<b>Sakshandsamar:</b>	<b>Arkiv:</b> K2-H06	<b>Arkivsaknr</b>
Sverre Jan Indredavik	<b>Objekt:</b>	2004001313

## FORENKLING OG EFFEKTIVISERING AV NAUDMELDETENESTA - HØYRINGSUTTALE

### Kva saka gjeld:

Frå Justisdepartementet føreligg det utgreiing om forenkling og effektivisering av naudmeldtetenesta.

Utgreiinga skisserer og drøftar ulike alternativ for organisering av naudmeldetenesta ut ifrå følgjande hovudmålsetjing :

*"Nødmeldetjenesten skal bidra til at nødstilte mottar riktig bistand raskest mulig gjennom en effektiv håndtering av nødanrop og god organisering av tjenesten".*

Krav og kriterier som grunnlag for val av alternativ er:

- Tilgjenglighet
- Kvalitet
- Responstid
- Effektivitet
- Fleksibilitet
- Kostnader
- Gjennomførbarhet

Departementet tilrår følgjande.

- 112 vert innført som einaste naudnummer
- Heile eller deler av naudmeldetenesta sine oppgåver må organiserast som ei felles teneste for alle tre naudetatane
- Naudmeldetenesta bør ha eitt organisatorisk tilknytningspunkt
- Tal naudmeldesentralar bør reduserast monaleg

## **Innleiing:**

### Talet på naudnummer.

Noreg har i dag tre naudtelefonnummer: 110=brann, 112=politi, 113=helse.

Departementet føreser å innføre eitt nummer slik at publikum får betre og sikrere tilgjenge ved berre eitt nummer å forholde seg til. Ei rekkje vesteuropeiske land har 112 som einaste naudnummer.

Utgreiinga skisserer to naudnummer som eit alternativ, td at politi+brann har felles nummer og at helse har sitt eige. Dette vil vere lettare å gjennomføre organisatorisk, men vil gje mindre samordningseffekt.

Departementet si tilråding:

*Det anbefales at Norge innfører en ordning med 112 som eneste nødnummer, og at hver etat (brann, politi og helse) i tillegg tilbyr publikum et landsdekkende femsifret servicenummer til bruk ved andre henvendelser. Ved innføring av en slik ordning bør det gjennomføres felles informasjonskampanjer for å sikre bred kjennskap til numrene.*

### Organisering av felles naudmeldeteneste:

Utgreiinga skisserer her fire alternativ:

Alternativ 0 = Etatsvise naudmeldingssentralar med tre nummer som i dag.

Denne vert ikkje tilrådd på grunn av samordningsproblem, særleg ved større og samansette ulykker.

Alternativ 1 = Felles formidlingsteneste der alle naudsamtaler vert formidla gjennom eit "sentralbord" der innringar vert vidarekopla til aktuell etat.

Modellen gjev ikkje særlege fordelar i forhold til dagens modell, og vert ikkje tilrådd.

Alternativ 2 = Felles handtering av naudmeldingar ved at kvalifisert personell handterer naudmeldingar gjennom eitt felles nummer som gjeld alle tre etatane, men med etatsvise lokale sentralar.

Modellen vert tilrådd som mogleg alternativ.

Alternativ 3 = Felles naudmeldingssentral med felles handtering av naudmeldingar gjennom eitt felles nummer.

Gjev god samordningseffekt, er kostnadseffektiv og vert tilrådd som det andre moglege alternativet. Dette er tilrådd framfor alternativ 2.

Departementet si tilråding:

*Hele eller deler av nødmeldetjenestens oppgaver bør organiseres som en felles tjeneste for alle tre nødetatene. Dette skal sikre en bedre samordning mellom etatene, økt fokus på nødmeldetjenesten og en bedre ressursutnyttelse på tvers av etatene. Praktisk løsning må utredes videre, og det anbefales å basere løsningen på modeller som allerede er implementert i Danmark og Finland. Valg av løsning bør reflektere om nødmeldetjenesten prinsipielt skal ha fokus på storulykker som krever stor koordinering eller de mer daglige enkelthendelser.*

### Organisatorisk tilknytning:

Her er følgjande alternativ vurderte:

- 0 – Forankring hos alle tre naudetatane som i dag.
- 1 – Forankring hos ein av naudetatane.
- 2 – Etablering av ein ny offentleg etat, eventuelt plassering hos eksisterande etat
- 3 – Konkurransetsetje tenesta.

Departemenet si tilråding:

*Nødmeldetjenesteten bør ha ett organisatorisk tilknytningspunkt. Dette skal sikre et felles grensesnitt mot andre aktører, for eksempel redningsentralene, et felles grensesnitt mot tekniske leverandører og teletilbydere, samt felles kvalitetskrav og styringsparametere. Nødmeldetjenesten kan tilnyttes en av nødetatene (som i Danmark) eller etableres som en ny enhet (som i Finland). Mulighet for å konkurransetsette tjenesten bør også vurderes. Organiseringa bør sees i sammenheng med eventuell felles organisasjon for nytt digitalt nødnett. Praktisk løsnning må utredes vidare etter at modell for organisering av felles tjenester er valgt.*

### Talet på sentralar:

Uavhengig av den organisasjonsmodell som vert vald vurderer departementet det som relevant å vurdere ein ytterlegare reduksjon av tal naudmeldesentralar. Dette er grunngeve både sikringsmessig og økonomisk.

Departementet føresler ein drastisk reduksjon frå dagens 91 til 10 naudmeldesentralar på landsbasis.

Departementet si tilråding:

*Det anbefales en reduksjon i antal nødmeldesentraler fra dagens 91 sentraler. Basert på erfaringar fra andre land synes det riktig antall innbyggere pr sentral å være minimum 500 000 for å oppnå en mest mulig kostnadseffektiv og sikker tjeneste. Det anbefales at en slik reduksjon sees i sammenheng med anbefalinga om etablering av felles nødmeldesentraler, slik at den maksimum blir i størrelsesorden 10 nødmeldesentraler på landsbasis.*

## **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Med bakgrunn i utgreiinga frå Justisdepartementet vil Flora kommune gje slik høyringsuttale.

Flora bystyre sluttar seg til den overordna målsetjinga for naudmeldetenesta, og vil tilrå ei løysing med 112 som einaste naudmeldenummer, der naudmeldetenesta vert organisatorisk forankra i eksisterande politidistrikt.

Organisering og organisatorisk forankring heng nøye saman, og bør såleis vurderast under eitt. Den eksisterande inndelinga av politidistrikta (112-nummer) er i hovudsak samanfallande med inndelinga av nedslagsfeltet til alarmsentralane (110-nummer / brann og redning).

Dette er resultat av nye og landsomfattande organisatoriske tilpasningar som er gjorde etter lange utgreiingar og vurderingar. Flora bystyre viser i denne samanheng til arbeidsgruppa med representantar frå Sogn og Fjordane Politidistrikt og Alarmsentralen i Sogn og Fjordane, som konkluderer med ei samlokalisering av alarmsentralen og politiet sin operasjonsentral. Justisdepartementet har i sitt tildelingsbrev til politietgjeve klarsignal for eit prøveprosjekt på dette.

Både organisatoriske og kostnadseffektive omsyn talar for at staten byggjer vidare på denne samordninga til også å omfatte amk-sentralane (113-nummer / akuttmedisinsk kommunikasjonsentral). Ved dette alternativet handterer kvalifisert personell naudmeldingar gjennom eitt felles nummer som gjeld alle tre etatane. Føresetnaden er sjølvstendig at sentralane knyter til seg personell med naudsynkte kvalifikasjonar slik at ein til ei kvar tid kan handsame alle typar kontakter.

Naudmeldesentralane vert då i tal og lokalisering i samsvar med eksisterande politidistrikt.

Med bakgrunn i det som er sagt over, vil Flora bystyre gå imot departementet si tilråding om sentralisering til om lag 10 sentralar i landet. Utgreiinga som fører til denne konklusjonen synest å vere teken på eit grunnlag der det berre er vurdert sjølve meldetenesta. I akuttkjeda er aksjonsapparatet minst like viktig som meldesystemet.

Med så store sentralar som det er lagt opp til i utgreiinga vil kjennskapen til aksjonsapparatet som er organisert i det enkelte politidistrikt, kommunal brannberedskap, sjukehusområde eller kommunale legevaktområde verte vesentleg dårlegare. Manglande lokal kunnskap vil lett kunne føre til at det vert utløyst aksjonar som ikkje fører til optimal bruk av lokale ressursar.

Ei slik sentralisering av meldesystemet, vesentleg med økonomisk grunngeving, vil føre til eit langt dyrare og dårlegare utnytta aksjonsapparat, og det er dette som utgjer den langt større kostnaden.

Ei lokalisering til eksisterande politidistrikt vil innebære at meldesentralane vert lokalisert til eit nivå som dagleg samhandlar med dei andre akutt / naudtenestene og difor har tilstrekkeleg kunnskap for god ressursutnytting i aksjonsapparatene dei skal samhandle med.

### **14.09.2004 FORMANNSKAPET**

Det vart delt ut nytt framlegg til vedtak.

***Røysting:***

Nytt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FORM-105/04 VEDTAK:**

Med bakgrunn i utgreiinga frå Justisdepartementet vil Flora kommune gje slik høyringsuttale.

Flora bystyre sluttar seg til den overordna målsetjinga for naudmeldetenesta, og vil tilrå ei løysing med 112 som einaste naudmeldenummer, der naudmeldetenesta vert organisatorisk forankra i eksisterande politidistrikt.

Organisering og organisatorisk forankring heng nøye saman, og bør såleis vurderast under eitt. Den eksisterande inndelinga av politidistrikta (112-nummer) er i hovudsak samanfallande med inndelinga av nedslagsfeltet til alarmsentralane (110-nummer / brann og redning).

Dette er resultat av nye og landsomfattande organisatoriske tilpasningar som er gjorde etter lange utgreiingar og vurderingar. Flora bystyre viser i denne samanheng til arbeidsgruppa med representantar frå Sogn og Fjordane Politidistrikt og Alarmsentralen i Sogn og Fjordane, som konkluderer med ei samlokalisering av alarmsentralen og politiet sin operasjonssentral. Justisdepartementet har i sitt tildelingsbrev til politiet gjeve klarsignal for eit prøveprosjekt på dette.

Både organisatoriske og kostnadseffektive omsyn talar for at staten byggjer vidare på denne samordninga til også å omfatte ank-sentralane (113-nummer / akuttmedisinsk kommunikasjonsentral). Ved dette alternativet handterer kvalifisert personell naudmeldingar gjennom eitt felles nummer som gjeld alle tre etatane. Føresetnaden er sjølvstøtt at sentralane knyter til seg personell med naudsynnte kvalifikasjonar slik at ein til ei kvar tid kan handsame alle typar kontakter.

Naudmeldesentralane vert då i tal og lokalisering i samsvar med eksisterande politidistrikt.

Med bakgrunn i det som er sagt over, vil Flora bystyre gå imot departementet si tilråding om sentralisering til om lag 10 sentralar i landet. Utgreiinga som fører til denne konklusjonen synest å vere teken på eit grunnlag der det berre er vurdert sjølvstøtt meldetenesta. I akuttkjeda er aksjonsapparatet minst like viktig som meldesystemet.

Med så store sentralar som det er lagt opp til i utgreiinga vil kjennskapen til aksjonsapparatet som er organisert i det enkelte politidistrikt, kommunal brannberedskap, sjukehusområde eller kommunale legevaktområde verte vesentleg dårlegare. Manglande lokal kunnskap vil lett kunne føre til at det vert utløyst aksjonar som ikkje fører til optimal bruk av lokale ressursar.

Ei slik sentralisering av meldesystemet, vesentleg med økonomisk grunngeving, vil føre til eit langt dyrare og dårlegare utnytta aksjonsapparat, og det er dette som utgjer den langt større kostnaden.

Ei lokalisering til eksisterande politidistrikt vil innebere at meldesentralane vert lokalisert til eit nivå som dagleg samhandlar med dei andre akutt / naudtenestene og difor har tilstrekkeleg kunnskap for god ressursutnytting i aksjonsapparatene dei skal samhandle med.

**28.09.2004 BYSTYRET**

#### ***Røysting:***

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

#### **BYST-147/04 VEDTAK:**

Med bakgrunn i utgreiinga frå Justisdepartementet vil Flora kommune gje slik høyringsuttale.

Flora bystyre sluttar seg til den overordna målsetjinga for naudmeldetenesta, og vil tilrå ei løysing med 112 som einaste naudmeldenummer, der naudmeldetenesta vert organisatorisk forankra i eksisterande politidistrikt.

Organisering og organisatorisk forankring heng nøye saman, og bør såleis vurderast under eitt. Den eksisterande inndelinga av politidistrikta (112-nummer) er i hovudsak samanfallande med inndelinga av nedslagsfeltet til alarmsentralane (110-nummer / brann og redning).

Dette er resultat av nye og landsomfattande organisatoriske tilpasningar som er gjorde etter lange utgreiingar og vurderingar. Flora bystyre viser i denne samanheng til arbeidsgruppa med representantar frå Sogn og Fjordane Politidistrikt og Alarmsentralen i Sogn og Fjordane, som konkluderer med ei samlokalisering av alarmsentralen og politiet sin operasjonsentral. Justisdepartementet har i sitt tildelingsbrev til politiet gjeve klarsignal for eit prøveprosjekt på dette.

Både organisatoriske og kostnadseffektive omsyn talar for at staten byggjer vidare på denne samordninga til også å omfatte amk-sentralane (113-nummer / akuttmedisinsk kommunikasjonsentral). Ved dette alternativet handterer kvalifisert personell naudmeldingar gjennom eitt felles nummer som gjeld alle tre etatane. Føresetnaden er sjølvstendig at sentralane knyter til seg personell med naudsynnte kvalifikasjonar slik at ein til ei kvar tid kan handsame alle typar kontakter.

Naudmeldesentralane vert då i tal og lokalisering i samsvar med eksisterande politidistrikt.

Med bakgrunn i det som er sagt over, vil Flora bystyre gå imot departementet si tilråding om sentralisering til om lag 10 sentralar i landet. Utgreiinga som fører til denne konklusjonen synest å vere teken på eit grunnlag der det berre er vurdert sjølve meldetenesta. I akuttkjeda er aksjonsapparatet minst like viktig som meldesystemet.

Med så store sentralar som det er lagt opp til i utgreiinga vil kjennskapen til aksjonsapparatet som er organisert i det enkelte politidistrikt, kommunal brannberedskap, sjukehusområde eller kommunale legevaktområde verte vesentleg dårlegare. Manglande lokal kunnskap vil lett kunne føre til at det vert utløyst aksjonar som ikkje fører til optimal bruk av lokale ressursar.

Ei slik sentralisering av meldesystemet, vesentleg med økonomisk grunngeving, vil føre til eit langt dyrare og dårlegare utnytta aksjonsapparat, og det er dette som utgjør den langt større kostnaden.

Ei lokalisering til eksisterande politidistrikt vil innebere at meldesentralane vert lokalisert til eit nivå som dagleg samhandlar med dei andre akutt / naudtenestene og difor har tilstrekkeleg kunnskap for god ressursutnytting i aksjonsapparata dei skal samhandle med.

Fredrik W. Gulbranson  
rådmann

Sverre J. Indredavik  
kommunalsjef

**Prenta vedlegg:**

Samandrag av utgreiing og høyringsbrev frå Justis- og politidepartementet